

Sogndal kommune v/ordføreren
6856 Sogndal

Skogrydding i Kjørnes III bustadfelt

Eg viser til reguleringsføresegnene for Kjørnes III som vart godkjende av Sogndal kommunestyre 30.01.1997, sak 97/003.

I §2.11 "Fellesareal" står det:

*"I felles grøntareal er det berre tillate å føreta tynning av skog og anna skjøtsel for å vedlikehalde skogen.
Planutvalet skal godkjenna slikt arbeid."*

I §2.13 "Fellesbestemmelsar" står det:

"Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg utstrekning."

I dei generelle skjønnsføresetnadene frå 1986 står det i §4:

"For kvart felt skal det utarbeidast landskapsplan, der m.a. skjøtsel av eksisterande vegetasjon samt nyplanting skal omhandlast. Dertil skal ein vise massedisponeringa innafor feltet.

Landskapsmessig er områda mellom byggelinene og formåls grensa som regel ein del av skjermsonene, og trea/vegetasjonen må handsamast på ein måte som ikkje øydelegg desse. (sjå del 2 i landskapsanalysen).

Utbyggjaren av Kjørnes III har planlagt VA-anlegget i direkte konflikt med både reguleringsføresegnene og dei generelle skjønnsføresetnadene. Dette gjeld særleg den nedre delen av feltet der VA-grøfta er plassert midt i skjermsona mellom tomtene i felt C og landbruksarealet på nedsida. Dette er fullstendig uakseptabelt. Eg ber derfor ordføreren syte for at arbeidet blir stansa straks.

Sogndal, 30. juni 2008

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg